



Kenneth Vabø
Ørnetua 27
5955 LINDÅS

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/6924 - 23/16627

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
28.02.2023

Fritak frå søknadsplikt - oppføring av gapahuk gbnr 102/116 Vabø

Tiltak: gapahuk
Byggjestad: Gbnr: 102/116
Tiltakshavar: Vabø velforeining v/Kenneth Vabø
Ansvarleg søkjar:

Vi viser til dykkar søknad 23.02.23 og saka har saksnummer 22/6924.

Vi viser til dykkar førespurnad om fritak frå byggesaksbehandling for oppføring av gapahuk på gbnr 102/116 Vabø for 30-40 barn i nabolaget. Tiltaket omfattar montering av lafta gapahuk med bygd areal på ca. 15 m². Tiltakshavar er Vabø velforeining, tiltaket skal plasserast på anna manns grunn og det er vist til avtale mellom grunneigar og Vabø velforeining tinglyst 05.01.2001.

Planstatus:

Eigedomen er omfatta av kommunedelplanen for Lindås , planid. 1263-201805, der arealet er avsett til friområdeføremål. Kommune vurderer at tiltaket er i samsvar med planføremål og krev ikkje dispensasjon i denne saka.

Vurdering:

Kommunen har vurdert søknaden og finn at tiltaket kjem inn under plan- og bygningslova § 20-5 bokstav g), og såleis ikkje vil krevja søknad og løyve etter kap. 20. Tiltaket skal plasserast i samsvar med situasjonsplan, datert 29.09.22 .

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/6924

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakarar:
Kenneth Vabø

Ørnetua 27

5955 LINDÅS